

## Møtereferat

Dato: 10.10.2018

Emne:	<b>Møtereferat frå møte i RMNF-AU den 5. oktober 2018</b>	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-13
Møtetid:	08:30 – 10:30	Møtestad: Møterom Sunnhordland

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Merethe Helland Nordnæs**

### Agenda for møtet:

1. Agenda for møtet i RMNF den 31.10.2018.
2. RMNF og regionreforma
3. Økonomi – innspill til budsjett 2019 ?
4. Ymse

### 1. Agenda for møtet den 31.10.2018:

Kl. 9.05: Orientering ved eigedomsdirektør Jostein Fjærestad: Nytt fylkesbygg, med bakgrunn i saken frå fylkestinget.

Kl. 09:35: Orientering ved Thorbjørn Aarethun, prosjektsekretariatet for Regionreforma: En oppdatering på Regionreforma – med spesiell vekt på RMNF sin plassering.

Kl. 10.05: Orientering ved direktør for økonomi og organisasjon: Nils Egil Vetlesand: Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg for 2019, med spesiell vekt på RMNF sitt budsjett og UU.

Ca. Kl. 10:30: Sakshandsaming

Ca. K. 12:00: Lunsj

Ca. kl. 12:30 – Sakshandsaming fram til møtet er ferdig.

### 2. RMNF og Regionreforma

RMNF ønskjer å bli holdt oppdatert på dette arbeidet. Råd for funksjonshemma er eit lovpålagt medverknadsorgan. Det vart difor bestemt at ein på møte den 31.10.2018 ville ha ein ny orientering om regionreforma, denne gang ein status/oppdatering på det pågåande arbeid.

### 3. Økonomi – innspill til budsjett

RMNF ønsker en orientering om budsjett for Hordaland fylkeskommune 2019. Hvor langt er prosessen kommet ? Budsjett for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, samt midler «øremerket» for universell utforming. Økonomiavdelinga er invitert til å halde ein orientering på møtet den 31.10.2018.

#### **4.Ymse**

Ein vil på møtet den 31.10.2018 begynne å planlegja Temadagen for RMNF 2019. Hovudtema vil vere: Kultur og tilgjengelegheit. (herunder tilgjengelighet på kulturarrangementer). Ein sak vert tatt opp på møtet den 31.10.2018.

På AU-møtet drøfta deltaking på ulike konferansar/arrangement. RMNF har motteke fleire invitasjoner. Det vil bli drøfta kven som deltar.

RMNF har motteke mail frå Bybanen utbygging, Bybanen bygetrinn 4, med spørsmål om å oppnemne stedfortrederar for kvar av dei 3 oppnemnvte i brukargruppa. Orslag til kandidatar vil bli sette fram på møtet i rådet den 31.10.2018.

RMNF ønskjer å opprettholde kontakten med SKYSS. Dette spesielt med tanke på sikkerheit på fergene og med bakgrunn i ei sak rådet har motteke frå rådet i Austevoll. Saka vert teke opp på møtet den 31.10.2018.